



# Gulen kyrkjelydsblad

Nr 4

Desember 2019

62. årgang



**God advents- og juletid!**

**REDAKTØR: Kyrkjeverja**

Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik  
tlf. 57782090/97044591

[kyrkjeverja@gulen.kyrkja.no](mailto:kyrkjeverja@gulen.kyrkja.no)

**REDAKSJON: Anne R. Tveit**

Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik  
tlf. 48228353.

[anne.ryssdal.tveit@eninvest.net](mailto:anne.ryssdal.tveit@eninvest.net)

**KORREKTUR: Marit Sandal,**

5966 Eivindvik Tlf. 57784129 / 95997182

**BANKGIROKONTO: 3817 15 51282**

Kontingenten er fri.

**TRYKKERI: Norengros, 3701 Skien****SOKNEPREST:****Gulen og Brekke sokn: Geir Sørebo.**

Tlf. 95729172. [god-s@online.no](mailto:god-s@online.no)

**Mjømna sokn: Bjørn Magne Hansen.**

Tlf. 47669620.

[soknepresten@solund.kyrkja.no](mailto:soknepresten@solund.kyrkja.no)

**KYRKJEVERJE: Ingunn Sognnes**

Tlf. 57782090/97044591

[kyrkjeverja@gulen.kyrkja.no](mailto:kyrkjeverja@gulen.kyrkja.no)

**KONTORPERSONALE:****Margrethe Skåden,** Tlf. 57782093

Kontortid torsdag kl.12.40-16.00 og

fredag kl.08.00-12.00.

**ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy,**

5966 Eivindvik. Tlf. kontor 57782092.

**GULEN KYRKJELEGE RÅD/FEL-****LESRÅD: Leiar: Åse Haugen**

Tlf. 48250014. [haugena@online.no](mailto:haugena@online.no)

**Nestleiar: Kåre Sigurd Krakhella**

Tlf. 90075286

[kaare.krakhella@icloud.com](mailto:kaare.krakhella@icloud.com)

**KYRKJA SI HEIMESIDE:**

[www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)

**FACEBOOK:** Gå inn på *Kyrkja i Gulen*

og «lik» sida vår. Kyrkjekontoret er redaktør for både heimesida og facebook-sida.

## Redaksjonen

Det er ikkje dagleg kost å kunne presentere to nye medarbeidarar, men det kan vi denne gongen: Ny kyrkjeverje, Ingunn Sognnes, har nettopp teke over stafettpinnen etter Trude Brosvik, som har gått ut i permisjon. Per Børge Hillestad har teke imot jobben som sokneprest, og vil bli innsett i stillinga 19. april. Velkommen til Gulen til begge to, og lukke til i tenestene!

Neste nr. av kyrkjelydsbladet kjem før påske. Innleveringsfrist 20. februar. God jul til alle lesarane våre!



Arkivfoto av julekrubbe, Mjømna kyrkje

## Ei krubbe for vår tid

*Av fungerande biskop, domprost  
Gudmund Waaler*

I kyrkja legg vi ofte stor vekt på det indre livet.

Men betyr det at det ytre er heilt uvesentleg?

Det fascinerer meg kor mykje pengar, tid og krefter eg bruker på estetikk! Sjølv er eg oppteken av kunst, interiør og fargar. Ikkje sjeldan tek eg turen innom ein liten designbutikk i sentrum. Eg har også lagt merke til at den kvinnelege delen av husstanden likar å shoppe støvletter. No er ikkje

dette spesielt originalt! I vår forbrukarkultur er det normalt å bruke mykje pengar på det ytre. Men gjer det oss til overflatiske menneske? Det trur eg blir for enkelt.

Gjennom det ytre og det vi omgir oss med uttrykker vi oss og skaper ein identitet. Estetikk er difor viktig. Å vere oppteken av det skjønne og det vakre har lang tradisjon i kyrkja. Gud har gitt oss evne og vilje til å forme og skape gjennom kunst og kultur. Samtidig veit vi at kvar tid har sitt uttrykk og sitt syn på kva som er vakkert.



Dette måleriet frå altarskåpet i Maria-kirken i Bergen viser korleis kunstnarar allereie på 1600-talet hadde forstått dette.

Klede skaper folk og identitet - difor er alle på biletet kledde etter moten slik den var då. Skal vi forstå at Gud er til stades i vår tid, må vi våge

å måle Jesus inn i vår kontekst og i våre liv.

Kvar trur du Gud ville plassert Jesu krubbe dersom han skulle blitt fødd i dag?

Kanskje ville han blitt fødd på eit asylmottak av ei einsleg mor? Biletet vi har frå stallen i Betlehem, lyg ikkje. Dei vise mennene fann ikkje Jesus hos kong Herodes eller mellom dei lærde i tempelet i Jerusalem, men i ein stall der det lukta sveitte og møk. Denne konteksten betyr noko, fordi Gud valde den heilt medvite.

Når Gud blir fødd inn i vår verd, blir han svak. Han blir utlevert. Han blir sårbar, overgitt til ei fattig kvinne. Det gjer han fordi han elsker oss. Han gjer det for å vise oss kva kjærleik er. Kjærleiken kan ikkje krevje, den kan berre komme oss i møte og seie: Sjå, her har eg kome deg så nær som eg kan, for å vise deg min kjærleik.

Gud viser sin solidaritet med oss nettopp ved å velje å bli fødd inn i eit folk som var forfølgd.

Gud kjem til oss der vi er, og blir ein av oss, kledd som ein av oss.

Også i dag er han vår bror. Han er i lidinga når menneske lir. Han græt når vi sørgjer. Han ler når vi er glade. Han vil la seg finne i vår verd når vi søker han.

*Og finner du ham i krybbens hø,  
som hyrder så, som hyrder så,  
da eier du nok til freidig å dø  
og leve på, og leve på.*



## Nyheitsbrev frå Mali,

### Bruk talentet ditt!

Utviklingshjelp som set varige spor, er vanskeleg å få til. Misjonen har dei siste åra fokusert på kampen mot omskjering av jenter, og oppnådd gode resultat. I det siste har dei òg satsa på å oppmuntra til lokale initiativ for utvikling og entreprenørskap.

Danaya Goïta, som er leiar for det diakonale arbeidet, ønskjer å fokusera på å hjelpa fram lokale initiativ og entreprenørskap som kan skape arbeidsplassar og positiv endring. For å koma i kontakt med dei rette folka, har misjonen organisert to konferansar for unge og unge vaksne, med opplæring i ein metode som heiter Use Your Talent. Den første konferansen var for Sevare og Mopti, der over 100 deltok. Den andre konferansen var i Barouweli, der over 50 personar deltok. Ut frå desse konferansane har grupper av unge no jobba for å starte opp små bedrifter, eller dei tek initiativ for å bety noko positivt for lokalsamfunnet sitt. Dette arbeidet er i oppstartsfasen, men me vonar og bed om at det kan veksa til noko som gjev framtid og håp til mange unge i Mali.

### Naudhjelp til flyktingar.

Då koranlæraren hadde tatt imot fleire flyktingar enn han klarte å ta seg av,

tok han kontakt med misjonen for å få hjelp. Over 150 unge gutar som tidlegare var koranelevlar på stader med væpna konflikt, hadde funne ein trygg stad å bu, hjå koranlæraren i Sevare. Men det var ikkje lett å forsørga så mange menneske. Koranlæraren var redd for at om han ikkje klarte å ta seg av ungdommane, ville dei vandra vidare og bli fanga opp av militante islamistiske grupper. Han visste at den kristne misjonen ofte hjelper når folk er i naud, så kanskje dei kunne hjelpa han i denne situasjonen?

Misjonen som NMS er med og støttar i Mali, svara ja på spørsmålet. Dei gav han 425 kg hirse, 350 kg ris, og 20 liter matolje. Det finst no mange interne flyktingar i Mali. Til saman har misjonen hjelpt nesten 1000 menneske med mat, sovematter, såpe og presenning i ein situasjon der mange har mista alt dei har. Me ønskjer å vera med å hjelpa endå fleire. Takk for støtta di!

*September 2019, Frode Brügger Sætre*

## Ny kyrkjeverje

Ingunn Sognnes er tilsett som ny kyrkjeverje frå 18.11.19.

Ho vil arbeide i 40 % ut året, og så i 80 % frå 01.01. 2020.

Ingunn er frå Hyllestad og bur på Sognnes. Der har ho og mannen drive gard. Ho har ulik utdanning og arbeidserfaring, m.a. lang fartstid som tillitsvald i dei fleste organisasjonar innan landbruk på landsplan, i hovudsak Tine og Bondelaget. Dei siste åra



har ho arbeidd som fylkessekretær for KrF i Sogn og Fjordane.



*Ingunn Sognes er allereie på plass på kyrkjekontoret i Eivindvik.*

Frå nyttår vil ho ha tre kontordagar i veka i Eivindvik, og ein dag heimekontor. Fredag vil vere fast fridag. Gulen kyrkjelege fellestråd er svært glade for at ny kyrkjeverje kunne ta til i stillinga så fort. Trude Brosvik har fått fire års permisjon for å vere heil-tidspolitkar i Vestland fylkeskommune. Ut året vil det vere nokre dagar overlapping og kunnskapsoverføring. Kontaktopplysningar for ny kyrkjeverje er:

[kyrkjeverja@gulen.kyrkja.no](mailto:kyrkjeverja@gulen.kyrkja.no)  
([post@gulen.kyrkja.no](mailto:post@gulen.kyrkja.no) kjem óg fram.)  
Kontortelefon: 57782090 eller mobil 97044591.

## Ny sokneprest

Björgvin bispedømeråd har tilsett Per Børge Hillestad som ny sokneprest i Gulen.

Han vil bli innsett i tenesta søndag 19. april 2020 i Gulen kyrkje. Fleire vil kjenne til Per Børge frå hans tid som sokneprest i Austrheim og Fedje.

Per Børge bur saman med familien i Sandnes. Det vil han halde fram med også etter at han tek til i Gulen. Han vil bu i Eivindvik og vere samanhengande i Gulen tre søndagar i månaden. Frihelga og dagane rundt denne, vil han vere i Sandnes saman med familien.




Fram til Per Børge tek til, vil Geir Sørebo og Bjørn Magne Hansen halde fram med å gjere teneste som prestar i Gulen. I tillegg vil Helle Kartveit og Ola Johannes Jordal ha ansvaret for konfirmantane til og med konfirmasjonen.

*Helge Taranrød  
Prost i Nordhordland*

# Vintersong 2019, med Sigrid Moldestad:

Gulen kyrkje laurdag 14. desember  
kl. 19.00



«Tenk om det kunne vere sånn ei stille vinternatt», syng Sigrid Moldestad i sin «Vintersong».

Å reise rundt med vakre og vare julesongar, med ein stille bodskap om kjærleik, har vorte tradisjon for Sigrid Moldestad. Dei siste åra har ho teke med seg ulike musikarar som ho lagar julekonsert saman med. I år er det musikarar ho kjenner godt som skal vere med å lage julestemning: Sigbjørn Apeland (trøorgel/piano), Roald Kaldestad (gitarar) og Kåre Opheim (trommer/perc.).

Ei blanding av tradisjonsrike julesongar og nyskrivne songar frå hennar egne plater fyller konserten, og kvar konsert på denne turneen får sitt unike preg. Også i 2018 valde Sigrid Moldestad å besøkje Gulen på juleturneen sin. Ho og hennar dyktige musikarar kom til ei fullsett Gulen kyrkje i Eivindvik, der dei gav oss som var der, ei stor og ugløymande oppleving. - Velkomen tilbake til Gulen, Sigrid, og takk for at du ville kome igjen i år òg!

Billettsal på ticketco og ved inngangen (kort eller kontantar)  
Barn kr. 200. Vaksne kr 350.



## Lys vaken

**I år prøver vi noko nytt:  
Vi inviterer alle 10-12-åringar i  
heile kommunen til å kome på Lys  
Vaken i Gulen kyrkje 14.-15.12.**

Vi begynner laurdag 14.12. kl.16.00 i kommunehuset, med litt trusopplæring, mat og leik. Så går vi samla (i fakkeltog) til kyrkja og vert med på konserten med Sigrid Moldestad frå kl.19.00. Fellestrådet sponsar billettane, slik at konserten blir gratis for dei barna som blir med på Lys Vaken. Etter konserten gjer vi klar for overnatting i kyrkja og film. Søndag morgon har vi felles frukost, og avsluttar kl. 10.00.

Leiarar: Peter Jobbagy m.fleire.  
Viss nokon foreldre vil bli med, så er vi glade for det!  
Påmelding: [post@gulen.kyrkja.no](mailto:post@gulen.kyrkja.no)

## Julekonsertane i kyrkjene våre:



*Frå ein tidlegare julekonsert i Brekke kyrkje*

**Gulen kyrkje:**  
søndag 8. desember kl. 18.00,  
v/lokale krefter i Eivindvik

**Mjømna kyrkje:**  
søndag 15. desember kl. 16.30.  
Offer: Kyrkjelydsarbeid  
Arr: Øyklang

**Brekke kyrkje:**  
Laurdag 21. desember kl.16.00.  
Arr. Brekke skulemusikk



## Juletreffest i Brekke

Det vert juletreffest i Brekke bedehus tredje juledag, **27.12., kl. 16.00.**  
God mat (koldtbord), julepregang og mykje sang. Alle er velkomne!  
*Brekke kr. ungdomslag*


## Konfirmantfest i Brekke

Det vert konfirmantfest i Brekke bedehus søndag **19.01. kl. 15.00.**  
Alle er velkomne!  
*Brekke kr. ungdomslag i samarbeid med kyrkja*

## Takk

Takk til alle som kom, og for gåver til haustmessa til inntekt for drift og vedlikehald av Brekke bedehus.  
Det kom inn ca. kr. 35.000.-.  
*Brekke kr. ungdomslag*

## Det skjer på Alværa:



### 10.-12. januar 2020: Leiarhelg

Frå 9. klasse og eldre. Start: Fredag 10. januar kl. 19. Avsluttar søndag 12. januar ca. kl. 13.

Dette blir ei sosial og spennande helg med mykje tid til å bli kjende med nye venner, prate om stort og smått, og få god undervisning om det å vere leiar.  
Håkon Økland Kinsarvik, Elisabeth

Sowerby Dale, Helle Kartveit og fleire står klare til å lage ein bra leir!  
*For påmelding, program og pris: Sjå nmsu.no/kalender.*

### **11. januar 2020 kl. 10-16: Kyrkje- og misjonsdag**

Det har blitt ein tradisjon å byrje året med ei inspirasjonssamling for kyrkje-lydane i området. Alværa har vore ein viktig leirstad i nærare 40 år, og vi trur den vil ha mykje å seie for kyrkje-lydane også framover. Kyrkje- og misjonsdagen kan sjåast som ein verkstad der ein deler idear og erfaringar. Du er velkommen til å komme med synspunkt eller berre lytte og ta imot. Det bli fleire korte innleiingar ved Toril Lange, Geir Sørebo, Svanhild Ask, Sissel Sørebo, Helle Kartveit og Hald-studentane Hasa og Marina frå Madagaskar.

Kva kjenneteiknar eit liv i tru? Korleis kan bøn og bibel bli ein styrke i kvardagen? Korleis kan vi tene Gud der vi bur, og samarbeide med gode krefter i lokalsamfunnet? Korleis kan det globale perspektivet komme inn, og korleis kan vi oppmuntre kvarandre til å leve enklare og ta vare på skaparverket? Gjennom dagen vil vi syngje songar frå ulike delar av verda.

Temaopplegget blir avslutta med gudsteneste leia av vikarprest Geir Sørebo og muskar Ole Agnar Helland.

Om ettermiddagen kan ein delta på årsmøtet for NMS, Ytre Sogn område. På grunn av middagen er det påmelding til Alværa, tlf. 48990661.

Programmet: Sjå Facebook.

Alle er hjarteleg velkomne!

*Områdeutvalet i NMS Ytre Sogn*

### **14.-16. februar: Vinterleir**

for 2.-7. klasse. *Meir informasjon kjem på nmsu.no/kalender*

### **6.-8. mars: Mariahelg**

6.-8.mars 2020 arrangerer NMS Mariahelg på Alværa, for damer i alle aldrar.

Der får vi påfyll for trua vår, samtidig som at det er kjekt å komme i lag og ha god tid til samtale og gode historier.

Det er tid til avslapping, til å nyte naturen ved sjøen, og ikkje minst tid til å nyte god mat.

Tema for helga er «Livsvandringa og trua» - korleis påverkar livsvandringa trua vår?

Dei som skal lose oss gjennom temaet er sokneprest i Jølster Silje Sørebo og psykologspesialist Yngvild Sørebo Danielsen.

Spørsmål om helga og programmet:

*Bente Rauboti Haukeland,*

*tlf. 91692908, eller epost*

*[bente.rauboti.haukeland@gmail.com](mailto:bente.rauboti.haukeland@gmail.com)*

### **17.-19. april: Minikonfirmanthelg**

### **7. juni: Alværastemne**

Set av datoen alt no.

### **12.-14. juni: Familieleir**

Det er dessutan fellesdugnad på føremiddagstid ca. éin gong i månaden. Følg med på Alværa si facebookside.

*Toril Lange*



# KODEKRYSSORD

Du skal få litt hjelp: Du finn etternamnet til tre Gulen-prestar inni kryssordet ein stad. Når du òg får vite at 10 = V, så er det berre å setje i gang å pusle!

|    |    |    |    |    |    |    |    |    |    |    |    |
|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|
| 1  | 2  | 3  | 1  | 4  | 5  | 6  | 7  | 3  | 8  | 5  | 6  |
| 3  |    | 9  | 10 | 5  | 3  |    | 6  | 11 | 5  | 8  | 5  |
| 9  | 1  | 12 | 13 | 3  |    | 14 | 5  | 6  |    | 14 | 15 |
| 12 | 11 | 12 |    | 15 | 12 | 5  |    | 16 | 11 | 3  | 5  |
| 12 | 16 | 13 | 1  | 1  | 5  |    | 3  | 5  | 10 | 13 | 3  |
| 6  |    | 17 |    | 9  | 16 |    | 9  | 14 | 5  | 3  |    |
| 5  | 18 | 19 | 2  |    | 10 | 13 | 12 | 13 | 3  |    | 16 |
| 15 | 16 |    | 8  | 13 | 15 | 10 |    | 16 |    | 6  | 15 |
| 20 | 13 | 8  | 20 |    | 1  | 15 | 12 |    | 14 | 11 | 8  |
| 5  | 6  |    | 3  | 7  |    | 12 | 5  | 1  | 11 | 8  | 14 |
| 8  | 5  | 10 | 5  | 3  | 14 | 13 | 16 |    | 13 | 20 | 5  |

Kryssordet er laga av Einar Søreide. Send inn løysinga til redaksjonen innan 10. januar. Kanskje det vankar ein liten premie til ein heldig vinnar. Lykke til!





## Kan du julesongane våre?

Du kan kanskje første linja eller første verset, men viss vi presenterer deg for ei linje lenger uti songen, klarer du då å finne kva for ein song det er? Prøv deg på denne vesle julekonkurransen. Send inn svaret ditt til redaksjonen innan 10. januar.

Premie til ein heldig vinnar!

Tips: Alle julesongane står i Norsk Salmebok.

## Korleis er første linja i desse julesongane?

- 1: menneske, fryd deg,
- 2: Og over by og land i kveld
- 3: Men stjerna synte leia på himmelkvelven blå
- 4: Eia var vi der!
- 5: Kom, Jesus, vær vår hyttes gjest
- 6: då syng me Jesu pris
- 7: som døden for evig batt
- 8: Velkomen frå din himmelsal
- 9: at du er født herinne
- 10: Englar syng om den fred dei såg
- 11: og natti vart til dag
- 12: Se, himlen ligger og hviler



## Takk

Takk for helsingar, blomster og gåver til Byrknes bu- og omsorgssenter ved Kristine Virkesdal sin bortgang.

Takk til personalet ved Byrknes bu- og omsorgssenter for god omsorg og hjelp dei åra Kristine budde der.

*Helsing Einar og borna m/familie*

## Hjarteleg takk

Hjarteleg takk for minnegåva i samband med Judith Napsøy sin bortgang. Det kom inn kr. 11.360,-.

*Styret i Ytre Gulen Sanitetslag  
v/Liv Jorun Stendal*

## Hjarteleg takk

Hjarteleg takk for all omtanke, deltaking og blomster ved Ivar H. Haugland sin bortgang.

*Helsing Marit og familien*



# Nytt frå kyrkjelydane

## Døypte:

### BREKKE SOKN:

**10.11.19:** Elias Furebotn Hauge. For.: Aina Furebotn og Stig Harald Hauge.

## Døde:

### MJØMNA SOKN:

**21.09.19:** Judith Ragnhild Napsøy, f. 1937.

**02.10.19:** Vidar Berge, f. 1942.

### GULEN SOKN:

**23.09.19:** Solveig Johanne Wevling Dale, f. 1928.

**07.10.19:** Olav Flolid, f. 1925.  
(Busett i Trondheim)

**28.10.19:** Noralf Virkesdal, f. 1929.

**05.11.19:** Astrid Vatne, f. 1933.

**10.11.19:** Unni Jorunn Kvamsdal, f. 1952.

### BREKKE SOKN:

**07.08.19:** Ingvard Arvid Breidvik, f. 1943.

**26.09.19:** Randi Margrethe Devold Høydal, f. 1952.

## Kyrkjekalenderen



**NB!!** Det kan bli endringar i den oppsette gudstenestelista. Følg med i lokalavisene, på oppslag, på nettsidene til kyrkja og kommunen, og på Facebook.

**01.12., 1. søndag i adventstida**  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Geir Sørebo. Lysmesse. Offer: NKSS.

**08.12., 2. søndag i adventstida**  
**Risnehall kl. 13.00.** Juleverkstad med gudsteneste kl. **15.30** v/Geir Sørebo.

**08.12., 2. søndag i adventstida**  
**Byrknes kapell kl. 15.30:** Lysmesse v/Bjørn Magne Hansen. Offer.

**08.12. 2. søndag i advent:**  
**Gulen kyrkje kl.18.00:** Julekonsert v/ lokale krefter i Eivindvik.

### Laurdag 14.12:

**Gulen kyrkje kl. 19.00: Konsert m/ Sigrid Moldestad.** Billettsal på ticketco.no og ved inngangen. Barn kr. 200, vaksne kr. 350.

**15.12., 3. søndag i adventstida**  
**Mjømna kyrkje kl. 16.30:** Julekonsert. Offer: Kyrkjelydsarbeidet. Arr.: Øyklang

### Laurdag 21.12.:

**Brekke kyrkje kl. 16.00:** Julekonsert. Arr.: Brekke skulemusikk

**22.12., 4. søndag i adventstida**  
**Gulen sjukeheim:** Adventsgudsteneste. Sjå oppslag.

**24.12., Julaftan**  
**Mjømna kyrkje kl. 13.00** v/Bjørn Magne Hansen. Offer: Kirkens Nødhjelp.

**24.12., Julaftan**  
**Brekke kyrkje kl. 14.00** v/Geir Sørebo. Offer: Kirkens Nødhjelp.

**24.12.,** Julaftan  
**Gulen kyrkje kl. 16.00** v/Geir  
Sørebø. Offer: Kyrkjelydsarbeidet

**25.12.,** Juledag  
**Gulen kyrkje kl. 13.00** v/Geir  
Sørebø. Offer: Kirkens Nødhjelp.

**26.12.,** 2. juledag  
**Byrknes bedehus kl. 11.00** v/Bjørn  
Magne Hansen. Offer: Stefanus-  
alliansen

**29.12.:** Ikkje gudsteneste i kommunen

**31.12.,** Nyttårsaftan  
**Brekke kyrkje kl. 23.00:** Midnatts-  
gudsteneste v/Geir Sørebø. Offer:  
Redd Barna.

**05.01.,** Kristi openberringsdag  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Geir  
Sørebø. Offer.

**12.01.,** 2.søndag i openberringstida  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn  
Magne Hansen. Offer.

**19.01.,** 3. søndag i openberringstida  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Geir  
Sørebø. Offer. Konfirmantfest.

**26.01.,** 4. søndag i openberringstida  
**Gulen kyrkje kl.11.00** v/Geir  
Sørebø. Offer.

**02.02.,** 5. søndag i openberringstida  
**Mjømna kyrkje kl. 11** v/Bjørn  
Magne Hansen. Start minikonfirmant.  
Offer.

**09.02.,** Såmannssøndag  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Geir  
Sørebø. Start minikonfirmant. Offer.

**16.02.,** Kristi forklaringsdag  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Geir  
Sørebø. Offer.

**23.02.,** Fastelavnssøndag  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn  
Magne Hansen. Offer.

**01.03.,** 1. søndag i fastetida  
**Gulen kyrkje kl. 16.00**  
Samtalegudsteneste.

**08.03.,** 2. søndag i fastetida  
**Brekke kyrkje kl. 11.00.**

**15.03.,** 3. søndag i fastetida  
**Mjømna kyrkje kl.11.00.**

**22.03.,** Maria bodskapsdag  
**Brekke kyrkje kl. 11.00.**

**29.03.,** 4. søndag i fastetida  
**Gulen kyrkje kl. 11.00.**

**05.04.,** Palmesøndag  
**Byrknes kapell.**

## **Innsetjingsgudsteneste:**

Innsetjingsgudstenesta for ny sokne-  
prest, **Per Børge Hillestad**, blir  
**19. april** i Gulen kyrkje.

## **Konfirmasjonane:**

**26.04.:** Gulen kyrkje  
**03.05.:** Mjømna kyrkje  
**10.05.:** Brekke kyrkje

